

# Dispensasjon for gardsveg

Ynsker utgreiing om krav til dispensasjon

## Innleiing

Underteikna overtok gbnr. 182/3. Me har fått godkjent konsesjon og fått løyve til å utbetra tilkomstvegen – først til landbruksvegklass 3, og deretter til klasse 5. Me er nå i gang med arbeidet med søknad om å oppføre eit nytt våningshus på garden. Like før sumaren var me i førehandskonferanse med kommunen gjeldene sistnemnte søknad. Me fekk da (for første gang) beskjed om at søknad krev dispensasjon frå godkjent vegstigning i kommunedelplan.

Me blei overraska over tilbakemeldinga frå kommunen da me nå trudde at alt med vegen var ok. Me har fått løyve til utbetring av vegen til landbruksveg (klasse 5), denne er nå ferdigstilt og kommunen har heile tida visst at me skal busette oss på garden. Me har ellers aldri før fått beskjed frå kommunen om at me vil trenge dispensasjon frå stigningsforholda i kommunedelplanen.

Sidan me har fått løyve til landbruksveg klasse 5 – som har høgare godkjent stigning – er me ueinig i at det er behov for dispensasjon ifrå stigning i søknad om oppføring av nytt våningshus. Me ynskjer med det at kommunen vurderer behovet for dispensasjon på nytt. Dersom kommunen heldt fram med sin noverande vurdering, ber vi om å få ein begrunnning på dette.

Me vil vidare utdjupe vår vurdering om at det ikkje er behov for dispensasjon for stigninga.




Fig 1. Før me utbetrer vegen var den kun egna for liten traktor eller hest.



Fig 2. Under arbeid. Før fjellsikring, toppdekke og sikring av vegbane og fjell samt grøft.



Fig 3. Før utbetring.



Fig 4. Under utbetring. Geolog Øivind Eikefet har vore med på prosjektet.



Fig 5. Gbnr 182/3 ligger opp i et dalføre. Vegen som no et utbretta er einaste vegraseen opp til bruket.



Fig 6. Under utbetring.

## Utgreiing

I referatet til førehandskonferansen (**Referat frå førehandskonferanse - gbnr 182/3 Gausereide – Dato: 02.06.2023**) fekk me beskjed om å søkje dispensasjon for stigninga til gardsvegen.

Utdrag ifrå referat – førehandskonferanse, dato 02.06.2023, side 7:

«*Landbruksvegen er endra frå klasse 3 til klasse 5 i løye datert 19.01.2023. Bakgrunn for endringa er at delar traseen ikkje vil halda stigningsforholda i i klasse 3. Endringa medfører at vegen heller ikkje oppfyller stigningskrav for bustad i kommunedelplanen. Det må søkjast om dispensasjon.»*

**Dette kravet syntast me er urimelig fordi:**

I det første løyvet me fekk for å utbeta vegen, sumaren 2022:

**(22/4210 – 22/61822 -Løyve til oppgradering av kjerreveg til vegklasse 3 landbruksveg på gbnr. 182/3 Gausereid i Alver kommune – Dato: 18.08.2022)** Kjem det fram i «Saka gjeld» at planen er å bu på bruket. Dette har kommunen vore klar over heilt sidan sumaren 2021.

Utdrag frå konsesjonen til gbnr 182/3, «Vurdering»:

*«Søkjar ynskjer å busetja seg på bruket saman med sambuar . Rådmannen har vurdert at det ikkje er aktuelt å setja vilkår om buplikt, men vil leggja til at det vil vera svært positivt for bruket og bygda at søker og familien busett seg der.»*

Prosjekteringsarbeidet til **Multiconsult AS** og **Magne Hope AS** fann ut at et ikkje ville bli mogelig å halde stigningsprosenten innanfor 12,5% (1:8) grunna landskapet. Me tok derfor kontakt med kommunen rundt nyttår 2023 og greia ut om situasjonen. Kommunen foreslo å endre vegklassen til landbruksvegklasse 5, der stigninga skal haldast under 20%. Kommunen sa ingenting i det nye utvida løyve om at hensikten med vegen då ville falle bort / at dispensasjon ville bli nødvendig. Som nemnt viste kommunen veldig godt om planen med busetting.

I det nye løyvet (**Endring av vegklasse. Tilkomstveg til tunet på gbnr. 182/3 Gausereid - Administrativt vedtak: Saknr: 075/23 – Dato: 19.01.2023**) Kan me sitera kommunen på kvifor eg meiner me ikkje treng dispensasjon.

Utdrag ifrå det nye løyve, datert 19.01.2023, side 2:

*«**Vurdering:** Vegen skal gå i særslig bratt terren – sjå fig. 1. Det er for delar av veganlegget uråd å stette krava til stigning i vegklasse 3 som vegen vart godkjent som. Krava for vegklasse 3 inneber at stigninga må overstige 10%, men der ein over kortare strekning (60m) kan godkjenne stigning opp til 12%. Detaljprosjetkinga syner at vegen får ei stigning på 14%, men der eit stuttare parti vil kome opp i 15,8% stigning. Krava til stigning i vegklasse 5 er at den skal vere under 20%. Vegen skal nyttast til personbilar opp til tunet. Ved enden av vegen skal det opparbeidast ein oppstillingsplass for bilane. Dette vart gløymt teke med i førre vedtak. Det er etter kommunen sitt syn kurant å endre vegklassen slik at ein får ei stigning tilpassa denne. Dette då vegen ikkje skal nyttast til tømmertransport, men som tilkomst til tunet (bilveg).»*

Slik saksbehandlinga til kommunen for å kunne endra vegbygginga frå klasse 3 til 5 framstår, er også dei praktiske sidene ved vegen grundig vurdert. Det er her viktig å merka seg at vegen går i særslig bratt terren og at krava i vegklasse 3 samt kommunedelplan er uråd å stetta.

Me håpar med detta å ha belyst kravet om at dispensasjon ikkje er naudsynt tilstrekkeleg slik me kan avslutta vegprosjektet slik det no førelegg.

Takk.

